

Referat digitalt årsmøte i Samnanger turlag 17.02.2021 på Teams

Val av møteleiar: Torbjørn Storås og Referent: Beate Aasebø/Vibeke Raae. 2 stk. underskriv referatet etter årsmøtets slutt (Torbjørn Storås og Evy G. Urås).

Innkallinga til årsmøtet blei godkjent.

Evt. Innspel: Ingen

Dagsorden godkjent:

- 1) Årsmelding
- 2) Regnskap
- 3) Valg
- 4) Framsette forslag: Ingen forslag

1. Årsmelding:

Styret i 2020:

- Styreleiar: Torbjørn Storås
- Styremedlemmer: Vibeke Raae (kasserer), Margrete Bjørnås (styremedlem), Beate Aasebø (sekretær), Evy. G. Urås (Styremedlem)

Valnemnd 2020 bestod av Hilde Jørgensen (leiar) og Ole Johan Klyve.

Revisor i 2020 har vore Johnny Atle Solberg.

Samanger turlag hadde årsmøte i januar. Utover det hadde me ingen reine styremøte i 2020. Me fylgde opp saker etterkvart i arbeidsmøte og via gruppa vår på Facebook, me nyttar og e-post. Dette året har me og hatt ein del møter over nett pga. Covid-19 pandemien.

Det har ikkje vore gjennomført kurs eller utdanning av nye turleiarar i 2020.

Turlaget har i 2019 og vidare i 2020 vore pådrivar for å få dagsturhytte til kommunen, me hadde og innspel til kvar hytta kunne plasserast, i samband til dette var me i dialog og på befarung på det aktuelle området med både politikarar og grunneigarar.

Samnanger turlag hadde 183 medlemmar ved utgangen av 2020, mot 180 i 2019 og 197 i 2018.

Samla dugnadstimar for turlaget i 2020 er 732 mot 1028,5 i 2019. Grunna covid-19 har me 12 avlyste turar. Dette påverkar nedgang i dugnadstimane.

I programmet frå 2020 gjennomførte Samnanger turlag desse turane:

Planlagt:

- 18 fellesturar
 - 7 kveldsmatturar
 - 3 familieturar
 - 6 vaksenturar
 - 1 DNT X-ung-tur
 - Kom deg ut-dagen (februar og september)

- **Gjennomført:**
 - Kom deg ut -dagen (februar) (45 deltakarar)
 - 3 kveldsmatturar
 - 3 vaksenturar

2020 vart dessverre eit spesielt år, då landet i stor grad stengde ned frå mars grunna Covid-19 pandemien. Heile vårprogrammet vart avlyst. På haustens Kom deg ut dag oppfordra me til tur på eigenhand med bruk av DNT SjekkUT-appen.

På dei arrangementa me fekk gjennomføra hadde me tilsammen 130 deltakarar.

Folk til fjells:

- **Poster vinter:**
 - Vardane, Totræna, Fitjavatnet og Smådalen.
 - Totalt 388 har skrevet seg inn.
 - Sesongen blei avslutta tidlegare enn tenkt grunne Covid-19 pandemien. Det er ikkje trekt premier for vintersesongen.
- **Poster sommar:**
 - Tre faste: Raudvatnet, Nordvikasætra og Smådalen
 - Fire varierende, i 2020: Gjerdssåta, Nedste Dukavatn, Stabben (ny) og Måsatjørn.
 - Totalt 1415 har skrevet seg inn i 2020.
 - Totalt 290 SjekkUT registreringar i Folk til fjells lista.
 - Det er i 2020 trekt ein premie for kvar bok.

DNT SjekkUT 2020.

Nytt tilbod frå turlaget frå 19. april.

- 31 turmål i Samanger er lagt ut i 2020.
- 2160 Innsjekkingar
- 235 deltakarar
- 4 deltakarar har tatt alle turmåla i 2020.
- Topp tre turmål:
 - Fitjavatnet (271)
 - Høgeskolten (227)
 - Raudvatnet (139)

Kanoutlån.

I 2019 fekk Samnanger turlag støtte frå Sparebanken Vest til å kjøpe inn kanoar med nødvendig utstyr. Det blei kjøpt inn 6 kanoar, desse vart sett i 3 vatn, etter avtale med grunneigarar. Tilbodet vart godt tatt imot, og det har vore jamn oppslutning i alle dei tre vatna.

- Fitjavatnet: 108 brukarar
- Eikedalsvatnet: 115 brukarar
- Sævellavatnet: 122 brukarar

Oppslutnaden og tilbakemeldingane var såpass bra at me har kjøpt 3 kanoar til med støtte frå Frifondmidlar, og me ynskjer å tilby utlån i eitt vatn til frå 2021.

Tryggleiksrutinar for Samnanger turlag.

- Grunnleggjande turleiarkurs for dei som er turleiar, 8 stk. har dette.
- Livredningskurs, ved vann aktivitetar, 4 stk. har dette.
- 2 turleiarar ved kvar tur, ein i front og ein bak. Sikrar at ingen spring av garde eller vert etterlatne.
- Turane er gradert etter vanskegrad, slik at deltakarane sjølv kan vurdere om ein kan delta.
- Ved lengre turar og påmeldingsturar snakkar ein med deltakarane i forkant, der ein avklarar føresetnad for å vera med, utrustning og evt. sjukdom/utfordringar og medisinbruk.
- Me har og med ein turleiarsekk med nødvendig utstyr på kvar tur. Alltid førstehjelpsutstyr og beredskapsplan med.
- Risikovurderingsskjema vert fylde ut i forkant av turen. Evalueringsskjema fyllast ut i etterkant av turen. Desse vert arkivert i Dropbox for gjennomgang, evaluering og arkivering.

Hyttetilsyn på Gullhorgabu.

- Samnanger Turlag har tilsynet med hytta, og hyttetilsynet består av:
 - Leiar: Arnfinn Jørgensen.
 - Medlemmar: Niels Bødker, Margunn Lønnebakken, Vigleik Tysseland og Mona Tveiterås.
- I 2020 har det vore om lag 979 besøkjande, mot 1670 i 2019. Dette pga. at hytta vart stengt under Covid-19 pandemien. Gradvis opning i mai, med førehandsreservasjon av seng ved overnatting.
- Det har vore 2 dugnadsturar med helikoptertransport, på hovuddugnaden i juni vart det vaska, skifta sengetøy og fylt på proviant og ved. Det har og vore gjennomført tilsyn der ein har tømt safen og vaska kontaktflater for å hindre smittespreiing. Til saman er det nedlagt 115 dugnadstimar.
- Det har vore hyttevert på Gullhorgabu i august og september.

Marknadsføring.

Samnanger turlag nyttar ulike kanalar for å marknadsføre turane:

- Heimesidene våre.
- Facebook
- Lokalavisa Samningen,
- Plakatar i barnehagane og på SFO

I forkant av kvar tur me arrangerer, har me oftast ei lita annonse i Samningen for å minne folk på turen, og i tillegg legg me informasjon om turen på Facebook.

2. Økonomi

Inntekter

- Tilskot og dugnadsmidler kr 67 525.
- Kontingent, grasrotmidlar og mva-kompensasjon i tillegg, til saman kr 26 597,40.
- Gåve kr. 5000.
- Sum inntekter kr 99 122,40 pluss renteinntekter og kundeutbyte kr 547.

Utgifter

- Annonsering, turutstyr, innreiing tilhengar, turpostkasser, kanoar, gåver/premier, adm. og utgifter til turar og arrangement
- Til saman 74 372,97 kr.

Årets overskot:

- Kr. 25 296,43

Eigenkapital

- Samnanger Turlag har kr 280 961,42 på bok ved utgangen av 2020.
- Eigenkapitalen er kr 196 121,42
- Kr. 12063 av disse er bundne midlar frå Sparebanken Vest.
- Kr. 84840 i periodiserte ubrukte tildelte tilskot frå SPV og Frifond til bruk i seinare år.

3. Val av representantar til styret.

Valkomiteens innstilling til styremedlemmer, velges for 2 år:

- Styreleiar: Catrin Langeland
- Styremedlem: Vibeke Raae
- Styremedlem: Torbjørn Storås *

*Torbjørn ønsker å trekke seg fra styrevervet og må erstattes ila året og tar ikke ny 2-årsperiode.

Styrets innstilling til medlemmer i valkomiteen, velges for 2 år:

- Beate Aasebø

Styrets innstilling til revisor, velges for 2 år:


- Johnny Atle Solberg

Føreslåtte kandidatar blei valt inn i styret og valkomiteen.

4. Eventuelt.



Underskrift 1:



Underskrift 2: